NOTERT



FOTO: NTB SCANPIX

**Eksportvare:** Statoils anlegg på Melkøya hvor gass fra Snøhvit-feltet tas imot.

ENERGI

## Gass større enn olje

* For første gang eksporterer Norge gass for større verdier enn olje. I løpet av de siste 12 månedene er det eksportert naturgass for 232 milliarder kroner mot 216 milliarder kroner i oljeeksport, skriver Dagens Næringsliv. Det er første gang at salget av gass passerer oljesalget målt på årsbasis.

– Gass er i ferd med å gå fra lillebror til storebror i Norge. Jeg hadde ikke trodd at inntektene fra gass skulle være høyere enn olje, for å være helt ærlig. Det har skjedd overraskende fort. Og det skyldes nesten utelukkende prisen. At oljeprisen skulle falle så mye og bli liggende der, var det ingen som forventet i fjor, sier sjefanalytiker i Nordea Thina M. Saltvedt. ©NTB

ORGANISASJON

## IKT-Norge har fått ny direktør

* Heidi Austlid (38) er ansatt som ny administrerende direktør i IKT-Norge.

– Jeg er ydmyk og stolt over å ta fatt på lederrollen, og gleder meg til å lede interesseorganisasjonen for Norges fremtidsnæring, sier hun i en pressemelding.

Austlid har arbeidet i IKT-Norge i 7 år, og tiltrer stillingen som leder av IKT-næringens interesseorganisasjon fra 5. oktober. Hun overtar etter Per Morten Hoff (60), som har ledet IKT-Norge i 27 år. ©NTB

ASYLSØKERE

## Presteboliger kan bli flyktningboliger

* Flere presteboliger over hele landet står tomme og skal selges etter at boplikten for prester opphørte i høst. Nå kan de i stedet bli brukt til flyktningboliger

Boplikten for prester opphørte 1. september i år, og 70 av landets gamle, ærverdige prestegårder legges ut for salg. Nå kan imidlertid boligene få en helt annen funksjon enn å bli bolig for privatpersoner med god økonomi. Opplysningsvesenets fond, som eier rundt halvparten av landets presteboliger, mener at de kan bli boliger for noen av de tusener av flyktninger som Norge skal ta imot i årene fremover, melder NRK. ©NTB



**Kyllingbehov:** Produsentkontakt Hallstein Bø i Den Stolte Hane Jæren AS, som er eigd av kyllinggiganten Scandi Standard, seier dei har stort behov for meir kylling og at dei på sikt ønsker bli sjølvforsynte.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

* KYLLINGPRODUKSJON

# Bondeovergang på kylling er i det blå

Kjedeavtalar flyttar store kyllingvolum, men ingen bønder har til nå flytta etter.

Medan mange store nye kyllinghus må stå heilt eller delvis tome, har kyllinggiganten Scandi Standard med merket Den Stolte Hane opna for utbygging av nye kyllinghus. Det skjer etter at dei frå august tok over avtalen om å levere kylling til Coops Ica-butikkar.

### Haustar krass kritikk

Bønder som tapar store beløp på overkapasiteten i marknaden reagerer kraftig. Kyllinggiganten blir òg skulda for ikkje å ta imot bønder som vil melde overgang.

– Det er galskap å byggje nye hus når det totalt sett er mange tusen kvadratmeter overkapasitet. Fleire bønder har tatt kontakt for å melde overgang. Dei får beskjed om at dei kan stå på ei liste. Når Den Stolte Hane likevel byggjer nye hus, sender dei ut eit sterkt signal, seier Terje Moi, som er tillitsvald blant kyllingbøndene i Nortura.

Han går hardt ut mot Nortura-konkurrenten.

– Den politikken dei fører er så uansvarleg som det går an. Det verkar som dei køyrer sitt eige løp heilt utan tanke på marknaden. Når dei ein gong får overkapasitet, så ventar eg at Nortura ikkje står med opne armar, seier Moi.

### – Vi tek ansvar

Produsentkontakt Hallstein Bø i Den Stolte Hane Jæren AS avviser at dei ikkje er interessert i å ta imot bønder som vil gå over.

– Eg forstår at dei er utolmodige, men vi vil ha på plass ein avtale med Nortura om kjøp og sal av kylling før vi tek inn nye produsentar. Det har tatt litt tid, men vi må ta det i rett rekkefølge, seier Bø.

> **KYLLINGSTRID**
> «Det er galskap å byggje nye hus når det totalt sett er mange tusen kvadratmeter overkapasitet.»
> TERJE MOI, KYLLINGBONDE OG NORTURA-TILLITSVALD

Til kritikken om at det er uansvarleg å byggje nye hus i dagens situasjon seier han følgjande:

– Vi tek hovuddelen av behovet vårt frå eksisterande produsentar. Fleire titals Nortura-bønder leverer i praksis til oss. Volumet av nybygg er lite, seier han.

Bø vil ikkje talfeste kor mange nybygg som er på gang. Nationen erfarer at det kan dreie seg om fem til ti nye kyllinghus.

**– Bønder ber dykk ikkje byggje noko?**

– Ja, men vi meiner vi tek ansvar. Hovuddelen av volumet vårt tek vi frå eksisterande kvadratmeter, seier han.

Bø ber bønder vere tolmodige. Han seier òg at det ikkje er mange som har vist interesse for overgang.

– Vi treng eit stort volum med kylling framover. På sikt har vi intensjon om å bli sjølvforsynt, seier han.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

### Fakta

**Overkapasitet på kylling**

* **Nedgang i kyllingsalet** fører til stor overkapasitet i marknaden og gjer at mange kyllinghus står tome.

* **Dei ni første** månadene i år var klekkinga på vel 51,2 mill. kyllingar, ned over 9 mill. (-15%) frå året før.

* **Budsjettnemnda for jordbruket** ventar 14% nedgang i produksjonen i år. Det gir 250.000 kr pr årsverk i inntektssvikt.


NATIONEN
Bønder rigger til Statoil-boikott
Satser tungt på moskusen
Gigant satser i overfylt marked

Nationen i går.